



Egil Jordgeir Gripsgård  
Riplevikvegen 22  
5918 FREKHAUG

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 18/2339 - 18/21962

Saksbehandlar:  
Tore Johan Erstad  
tore.johan.erstad@meland.kommune.no

Dato:  
16.10.2018

## Godkjenning - GBNR 36/108 - Løyve til frådeling av grunneigedom


**Administrativt vedtak. Saknr: 274/2018**

**Tiltakshavar:** Egil Jordgeir Gripsgård  
**Søknadstype:** Søknad om løyve til tiltak utan ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl) § 20-1.

### SAKSUTGREIING:

#### Tiltak:

Egil Gripsgård har søkt om løyve til deling av ein parsell på om lag 660 m<sup>2</sup> frå gbnr 36/108, jf pbl § 20-1 bokstav m). Området er sett av til spreidd byggeområde, SB\_26, i kommuneplanen sin arealdel (KPA).



Det blir vist til søknad med vedlegg, journalført motteke 24.09.2018. Frådelingssøknaden har samanheng med løyve til oppføring av tomannsbustad på eigedomen, sjå arkivsakid 16/2449.

**Postadresse**  
postmottak@meland.kommune.no  
Postboks 79, 5906 Frekhaug  
Besøksadr: Havnevegen 41 A  
5918 Frekhaug

**Kontakt**  
www.meland.kommune.no  
Telefon +47 56 17 10 00  
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 98 36413  
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: [www.nordhordlandskart.no](http://www.nordhordlandskart.no)

## **VURDERING:**

### Nabovarsling:

Tiltaket har ikkje vore nabovarsla. Administrasjonen kan ikkje sjå at det er grunn til å stille krav om nabovarsling av tiltaket i medhald av pbl § 21-3 andre ledd. Deling av eigedomen vil ikkje påvirke naboar.

### Lov- og plangrunnlag:

Oppretting og endring av eigedom er «tiltak» etter pbl § 1-6 og er søknadspliktig etter pbl §§ 20-4, jf 20-2, jf 20-1 bokstav m). Vidare følgjer det av pbl § 26-1 at «[o]pprettelse av ny grunneiendom, (...), eller endring av eksisterende eiendomsgrenser, må ikke gjøres på en slik måte at det oppstår forhold i strid med denne lov, forskrift eller plan.»

Frådeling av parsellen er ikkje i strid med kommuneplanen. Når det elles gjeld tilhøve til plangrunnlaget blir det vist til vurderingar gjort i løyve til oppføring av tomannsbustad på eigedomen datert 22.11.2016, DS 345/2016.

### Tilknytning til teknisk infrastruktur:

Gjennom løyve til oppføring av tomannsbustad er det dokumentert at eigedomen gbnr 36/108 sikra vegtilkomst og VA-løysingar i samsvar med pbl kap 27. Det blir stilt som vilkår for frådeling som omsøkt at den nye matrikkeleininga får tinglyst naudsynte rettar til veg-, vatn og avløp.

## **VEDTAK:**

«Meland kommune gir i medhald av plan- og bygningslova (pbl) § 20-1 bokstav m) løyve til deling av ein parsell frå gbnr 36/108, som vist på vedlagte situasjonsplan og i samsvar med søknad journalført 224.09.2018.

Grensene blir fastlagd i samband med gjennomføring av oppmålingsforretning etter matrikellova, og parsellen skal ha eit areal på om lag 660 m<sup>2</sup>.

Erklæring om naudsynte rettar til tilkomst og bruk av VA-løysingar over gbnr 36/108 må tinglysast i samband med oppmålingsforretning.

Løyvet fell vekk dersom det ikkje er gjennomført oppmålingsforretning etter lov om eigedsregistrering innan 3 år etter at løyvet er gjeve, eller dersom matrikkelføring vil vera i strid med lov om eigedsregistrering, jf pbl § 21-9.»

\*\*\*\*\*

Saka er behandla og avgjort administrativt og i medhald av delegert mynde, jf kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til Fylkesmannen i Hordaland, jf fvl §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er

nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det blir klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunnjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf fvl § 27b.

Gebyr for saksbehandlinga blir ettersendt. Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf fvl §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det blir kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunnjeven.

Med helsing

Anny Bastesen  
sektorsjef teknisk

Tore Johan Erstad  
Juridisk rådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

Situasjonskart

**Mottakere:**

Egil Jordgeir Gripsgård

Riplevikvegen 22 5918

FREKHAUG